



Kviteseid kommune
Ordføreren

Justis- og beredsskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Melding om vedtak

Dykkar ref: Vår ref: Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2013/917-9 Berit Lundeberg, 35 06 81 07 K24 17.02.2014
berit.lundeberg@kviteseid.kommune.no

**Høyring: Framlegg til ny organisering av brann og redningstenesta -
framlegg frå arbeidsgruppe**

Her følger særutskrift av **Kommunestyret** si sak nr. **9/14**.

Rett utskrift

Berit Lundeberg
formannskapssekretær



Kviteseid kommune

Arkiv: K24
 Saksmappe: 2013/917-8
 Sakshand.: Hans Bakke
 Dato: 03.02.2014

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	9/14	12.02.2014

Høring: Framlegg til ny organisering av brann og redningstenesta - framlegg frå arbeidsgruppe

Vedlegg:

- 1 Samandrag av rapport med framlegg til ny organisering av brann og redningstenesta

Faktiske tilhøve:

Bakgrunn

Justis- og beredskapsdepartementet (JD) ga 5. oktober 2012 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) i oppdrag å opprette og leie ei arbeidsgruppe som skulle sjå på brann- og redningsvesenets organisering og ressursar. Rapporten frå gruppa kan lesast på nettsida:

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/jd/dokument/Hoyringar/Hoyringsdokument/2013/brannstudien/horingsnotat.html?id=747759>

Arbeidsgruppa si hovudoppgåve har vore å utrede korleis dei samla ressursane som blir nytta i brann- og redningsvesena i dag, kan nyttast best mogleg og i samhandling med andre beredskapsaktørar for å nå dei nasjonale måla i St.meld. nr. 35 (2008–2009) *Brannsikkerhet*:

- Færre omkomne i brann
- Unngå tap av uerstattelege kulturhistoriske verdiar
- Unngå brannar som lammar kritiske samfunnsfunksjonar
- Styrka beredskap og handteringsevne
- Mindre tap av materielle verdiar

Arbeidsgruppa sitt mandat går fram av vedlegget. Mellom anna fekk gruppa i mandat å

- Skildre og vurdere dagens regelverk, organisering og dimensjonering av de kommunale og interkommunale brann- og redningsvesena og nødalarmringssentralane (110-sentralene).
- Utrede og foreslå tiltak og alternative løysingsmodellar som skal sikre at dei samla ressursane kommunane brukar på brann- og redningsvesenet og naudalarmtenesta for

brann, vert utnytta best mogleg og i samhandling med andre beredskapsaktørar, for å møte utfordringane i framtida og samfunnet sine behov.

- Gjere greie for økonomiske og administrative konsekvensar av dei ulike forslaga til tiltak og løysningsmodellar. Forslaga skal være innanfor dei samla ressursane som kommunane i dag nyttar på brann- og redningsvesen.

Mandatet opna ikkje for å vurdere flytting av ansvaret for å etablere og drifte brann- og redningsvesenet. Oppgåvene skal framleis vera eit kommunalt ansvar.

Innhald

Arbeidsgruppa meiner det brannvesenet me har i dag er for fragmentert og består av for små einingar til at dei kan få god nok kompetanse til ivareta samfunnet sine utfordringar i åra framover. Det nemnes fleire heimebuande eldre som utgjer ein større brannrisiko, mange og lange tunellar, m.m. Det vert og hevda at denne strukturen reduserar evna til å handtere større hendingar og at det gjer samhandling med dei andre naudetatane meir krevjande.

Når det gjelder førebuing og handtering, understrekar arbeidsgruppa at den lokale beredskapen må oppretthaldast. Dette medfører at fyrsteinnsatsen knytt til ei hending framleis skal vera lokalisert spreidd utover landet. Ny modell må derfor leggje til rette for at personell og tilstrekkeleg med utstyr kan lokaliseras slik at kravet til responstid vert innfridd (førsteinnsats). Det må også leggjast til rette for lokalkunnskap og utvikling av kompetansen hjå mannskapa. Vidare må det i ny modell leggjast til rette for tilgang til tilstrekkelig utstyr og robuste kompetansemiljø for å kunne handtere komplekse og store hendingar (tilleggsinnsats). Det må leggjast til rette for heilskapleg og effektiv leiding av hendingar og best mogleg grunnlag for samhandling/samarbeid med andre beredskapsaktørar.

Rapporten drøftar og det demokratiske perspektivet knytt til lokalpolitisk styring og samhandling med resten av den kommunale verksemda.

På denne bakgrunn har gruppa peika på tre ulike modellar for ny organisering. Alle byggjer på prinsippet om oppretting av eit interkommunalt selskap IKS som får delegert det fulle ansvaret for brann- og redningstenesta.

Modell 1 - fylkesmodellen: Eit felles IKS driv brann- og redningsteneste for eit område tilsvarande den etablerte fylkesinndelinga. Arbeidsgruppa si grunngeving for denne modellen er at det må vurderast ein organisasjon som er betrakteleg større enn dei fleste av dagens brann- og redningsvesen, og at dei etablerte administrative fylkesgrensene er eit naturleg utgangspunkt for denne modellen.

Modell 2 – 100 000 innbyggjarar: Tilsvarande organisering som modell 1 men basert på eit område på minst 100 000 innbyggjarar, eller at ein følgjer fylkesgrensene. Denne modellen vil for nokon fylke bli lik modell 1, men gir ein fleksibilitet innanfor dei største fylka.

Modell 3 – 15 000 innbyggjarar: Tilsvarande organisering som modell 1 men basert på eit område på minst 15 000 innbyggjarar. Dette er ein modell som inneber minst endring i høve dagens situasjon.

Felles for alle modellane vil vera at naudalarmsentralane (110-sentraler) skal dekkje eit større geografisk område og fleire innbyggjarar enn i dag.

Arbeidsgruppa tilrår at modell 1 vert vald. Dette fordi dei meiner modellen gir størst rom for økonomisk effektivisering, og dermed høve til å omdisponere ressursar til andre prioriterte formål. Et anna viktig argument for arbeidsgruppa har vore at dei meiner modell 1 sannsynligvis gjennomgåande vil gi større og meir robuste einingar, og dermed høgare kvalitet på tenestene.

Vurdering:

Rapporten gjev ei omfattande analyse av brann- og redningstenesta sine oppgåver og utfordringar framover. I sine konklusjonar legg rapporten stor vekt på at mange små einingar svekkar kompetansen og dermed evna til å løyse større hendingar og nye komplekse utfordringar. Mykje av det som kjem fram her kan nok vera rett, men som det går fram av tabellen nedanfor har 225 av 316 brannvesen eit dekningsområde mindre enn 10 000 innbyggjarar. Dei fleste av desse er i hovudsak bygd opp av mindre brannvesen med deltidsmannskap. Dei har dermed ofte ein annan jobb ved sidan av og har slik sett mindre tid og kapasitet til å øve og tileigne seg ny kompetanse. Sjølv ei endring i tråd med modell 3 – 15 000 innbyggjarar, bør derfor kunne bidra til meir robuste einingar som kan vera i stand til å møte dei nemnde utfordringane.

Antall brann- og redningsvesen fordelt på innbyggerdekning		
	Antall innbyggere i brann- og redningsvesenets ansvarsområde	Antall
1	Under 3 000 innbyggere	113
2	Mellom 3 000 og 9 999 innbyggere	112
3	Mellom 10 000 og 29 999 innbyggere	59
4	Mellom 30 000 og 69 999 innbyggere	19
5	70 000 eller flere innbyggere	12
6	Brann- og redningsvesen det mangler opplysninger om	1
	Totalt	316

Dessutan er dette små og fleksible einingar som består av lokalt personell som har svært god lokalkunnskap og kort responstid. Sett i høve til den kritikk som har vore retta mot andre andre naudetatar ved større hendingar dei siste åra, synes det som dei små og lokale brannvesena løyser sine oppgåver på ein relativt god måte. M.a. sikrar den tette lokale forankringa ei god samhandling med andre offentlege og private samarbeidspartar når krisesituasjonar oppstår. Dette synest noko undervurdert i dei vurderingane som kjem fram i rapporten. Responstida er også jamt over god for desse mindre lokale einingar.

Tilsvarande synes det kanskje som ein også overvurderar noko potensialet for effektiviseringsgevinsten ved å etablere ei felles leiing av så mange mannskap spreidd utover eit så stort område som eit fylke. For å oppretthalde ei tilstrekkeleg responstid må det jo framleis vera mange brannstasjonar rundt om i fylket. Moglegvis kan dette føre til unødig oppbygging av administrative ressursar og mykje reiseverksemd for å styre ei så stor og fragmentert eining.

Det vert drege fram at gruppa har lagt stor vekt på omsynet til demokrati, styring og kontroll. Det kan tyde på at gruppa har liten erfaring med å utøve eit aktivt eigarskap i eit så stort IKS som modell 1 legg opp til. Kviteseid kommune har brei erfaring med denne problemstillinga gjennom eigarskap i mange IKS. Alt frå noverande brannvesen med ansvar for feiing og tilsyn i 6 eigarkommunar, til IKA Kongsberg med nesten 40 eigarkommunar. Erfaringane med denne form for samarbeid er at dei er krevjande nok å styre med 6 eigarar. Med 10 – 30 eigarar blir føresetnadane svært ulike og kommunestyret sin moglegheit for å styre ei slik teneste blir svært avgrensa.

Slik sett synest det meir naturleg å gå for modell 3. Det vil kunne sikre eit visst minimum av storleik med tanke på å lage organisasjonar som er så store at det gjev grunnlag for ei profesjonell leining og tyngre administrativ støtte, ikkje minst i høve til kompetanseutvikling.

Mykje talar derfor for at ein framtidig organisasjonsmodell bør vera om lag som modell 3 med 15 000 innbyggjarar, tilsvarande om lag kommunane i Vest-Telemark. Dersom kommunestyret stør dette synet bør det gje grunnlag for å ta fatt i den utgreiinga som alt ligg føre for å etablere eit felles brann- og redningsvesen i Vest-Telemark. Då denne rapporten vart drøfta i siste møte i Vest-Telemarkrådet, synes det å vera semje om at modell 3 var den beste og at arbeidet med å etablere eit felles brannvesen i Vest-Telemark bør takast opp att.

Rådmannen si tilråding:

1. Kviteseid kommune støttar hovudprinsippet i rapporten om brann- og redningsvesenet som konkluderar med at det trong for organisering av større einingar for brann- og redningsvesen i Noreg.
2. Med bakgrunn i dei kritiske merknadane som kjem fram i saksutgreiinga, vert det tilrådd at ein etablerar einingar som tilsvarar modell 3 – 15 000 innbyggjar pr eining.
3. Kommunestyret vil på denne bakgrunn be rådmannen ta initiativ til å ta opp att arbeidet med å organisere eit felles korps av beredskapspersonell underlagt Vest-Telemark brannvesen IKS.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 12.02.2014

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kviteseid kommune støttar hovudprinsippet i rapporten om brann- og redningsvesenet som konkluderar med at det trong for organisering av større einingar for brann- og redningsvesen i Noreg.
2. Med bakgrunn i dei kritiske merknadane som kjem fram i saksutgreiinga, vert det tilrådd at ein etablerar einingar som tilsvarar modell 3 – 15 000 innbyggjar pr eining.
3. Kommunestyret vil på denne bakgrunn be rådmannen ta initiativ til å ta opp att arbeidet med å organisere eit felles korps av beredskapspersonell underlagt Vest-Telemark brannvesen IKS.